

To uskedelinger på vinnarlaget i Romjulscupen.

27.12.2014



Vinnarlaget i herreklassen. Framme f.v.: Kenneth Gjuvsland og Torstein Monsen. Bak f.v.: Vegard Røssland, Espen Åkra, Rune Åsheim Mo, Eirik Werner Eikeland, Lars Johan Myklebust, Johnny Furdal og Anders Næs. Johannes Hjelmeland var og med på laget, men ikkje tilstades då bildet vart tatt. (Foto: Kvinnheringen)

Bassano Virtus var utilnærmelege då dei vann finalen i herreklassen i årets Romjulscup. Finalemotstandar Kongelaget vart slått 4 - 0. Uskedelingsane Torstein Monsen(keeper) og Lars Johan Myklebust spela på vinnarlaget. Ungjentene på laget 99erane vann dameklassen då dei vann 5 - 2 over finalemotstandar Lokomotiv Kalinka.

Den tradisjonsrike Romjulscupen som vert arrangert av Il. Trio, starta med innleiande gruppespel 2. juledag og vart avslutta med sluttspelkampar i dag, laurdag.

Det var god deltaking og flott stemning i Husneshallen begge dagar.

De finn meir stoff om arrangementet på kvinnheringen.no, http://www.kvinnheringen.no/Til_topps_i_romjulscupen-5-27-849.html og på idrettslaget Trio si heimeside, <http://www.il-trio.no/no/nyheter/4354/>

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.